



LANDBRUKSINFORMASJON FOR AURLAND, LÆRDAL OG ÅRDAL

Nr 3/2012 – DESEMBER
INFORMASJONSSKRIV FRÅ FELLES LANDBRUKSKONTOR ÅLA

Tilskotsordningar med søknadsfristar:

Produksjonstilskot januar 2013

Hugs neste søknadsfrist for produksjonstilskot som er **21. januar 2013**.

- Tilskot til husdyr
- Tilskot til økologiske husdyr
- Tilskot til bevaringsverdige storferasar
- Tilskot til grøntproduksjon
- Tilskot til avløyning ferie og fritid 2012

Det er viktig at søknadane er Felles Landbrukskontor ÅLA i hende før søknadsfristen går ut.

Nytt denne søknadsomgangen er at det ikkje lenger vert sendt ut papirsøknadar i posten. Statens landbruksforvaltning oppfordrar flest mogeleg til å nytta elektronisk søknad, sjølv om det fortsatt vil vera mogleg å søkja på papir. Den elektroniske søknaden er forhåndsutfylt med opplysningar frå tidlegare søknad.

I samband med elektronisk søknad er det viktig at de i god tid før søknadfristen sjekkar at de har kodane for pålogging til Altin (nytt innloggingsmetoden ID-posten/MinID).

De kan ta kontakt med oss for event å få hjelp til å bestilla nye.

I Aurland kan de etter avtale nytta PC som står i gongen ved arkivet.

Ta kontakt med oss for hjelp til å senda inn elektronisk søknad, men hugs å ta med påloggingsinformasjon til Altin.

Melding frå Statens Landbruksforvaltning

Tiltak for økt bruk av elektroniske søknader om produksjonstilskudd

Statens landbruksforvaltning (SLF) ønsker at flere skal søke produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid elektronisk.

Fordeler med elektroniske søknader

Det er flere viktige fordeler med at søknadene blir levert via internett:

- Den største fordelen med elektronisk søknad er at det gir som resultat at søknadsdataene blir mer korrekte. Dette fordi mange av opplysningene kontrolleres før levering.
- En søknad uten feil reduserer risikoen for avkortning og øker muligheten for å motta tilskuddet ved hovedutbetalingen.
- På grunn av bedre datakvalitet på elektroniske søknader vil man også redusere arbeidet forvaltningen utfører med å undersøke og rette opp feil.
- Flere elektroniske søknader vil i tillegg effektivisere forvaltningens arbeid ved at man ikke trenger å registrere papirsøknadene før selve saksbehandlingen begynner.
- En økning av andelen søkere som leverer søknad om tilskudd elektronisk vil være viktig for å få en stor oppslutning rundt det nye RMP-systemet som tas i bruk høsten 2013.

Nytt tiltak – veiledningsfilmer

SLF har fått produsert to veiledningsfilmer: En som viser hvorfor man skal søke elektronisk, og en som viser hvordan man logger på og sender søknad elektronisk. Filmene finn du her;

<https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/hvordan-soke>

Søknadsskjema på papir blir nå ikke lenger sendt søkerne

SLF har de siste søknadsomgangene i brev og i veiledningsheftet for 2012-2013 informert både forvaltning og søkere om at papirskjema ikke lenger vil bli sendt i posten. Fra og med søknadsomgangen i januar 2013 vil papirsøknader ikke lenger bli sendt ut med post. De forhåndsutfylte opplysningene vil imidlertid fortsatt stå oppgitt i den elektroniske søknaden, og søkerne vil fortsatt motta informasjonsmateriell i posten. Veiledning til pålogging i Altinn vil fortsatt bli sendt i posten, og SMS med oppfordring til å søke elektronisk vil bli sendt ut. All informasjon vil som tidligere være tilgjengelig på SLFs nettsider.

Statens landbruksforvaltning

Investeringsstilskot organisert beitebruk

Tilskotsordninga for investeringsmidlar til organisert beitebruk skal nyttast til å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda. Beitelaga skal sende søknad om midlar til kommunane. Kommunen vidare sender søknaden til fylkesmannen som handsamar søknaden. I 2012 var søknadsfristen 15. mars. Meir informasjon kjem seinare.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket - Nærings – og miljøtiltak i skogbruket (SMIL)

Gjeldande ”Tiltaksstrategi” går ut no i 2012. Det er utarbeida ein ny tiltaksstrategi 2013-2016 som skal vedtakast på kommunestyremøta i desember. Det er bl.a lagt opp til **ny søknadsfrist 25.februar.**

Felles Landbrukskontor ÅLA kjem tilbake med meir informasjon når ny tiltaksstrategi er endeleg vedteken.

Tilskot i Årdal kommune:

Årdal Landbruksfond

Søknadsskjema, regelverk og nærare opplysningar finn du på heimesida eller du kan kontakte Landbrukskontoret. **Søknadsfrist: 15. februar**

Søknad skal sendast til: Årdal kommune, Postboks 40, 6881 Årdalstangen

Kommunale investeringstilskot – Årdal

Ordninga har pr dato ikkje budsjettmidlar for 2013. Det vert jobba med å finna løysing.

Fond for fiske, vilt- og friluftsliv i Årdal kommune

Midlane skal nyttast til opphjelp av fisk, vilt og friluftsliv i Årdal kommune, og komma ålmenta til gode.

Midlane kan nyttast til fylgjande tiltak:

1. Auka tilgjenge til fiske-, vilt- og friluftressursane
2. Opplæringstiltak
3. Informasjonsarbeid
4. Forskning/kartlegging/driftsplanlegging.

Søknad om støtte frå fondet skal sendast: Årdal kommune, Postboks 40, 6881 Årdalstangen og vert handsama i Årdal formannskap. Budsjett og finansieringsplan for tiltaket skal ligga ved søknaden.

Søknadsfrist: 10. mars

Fiskefond i Årdal kommune

Midlane skal nyttast til kultivering og fremjing av fiske i elvar og vatn i Årdal kommune, og komma ålmenta til gode.

Midlane kan nyttast til fylgjande tiltak:

1. Kultiveringsarbeid
2. Opplæringstiltak
3. Informasjonsarbeid
4. Auka tilgjenge til fiskeresursane
5. Forsking/kartlegging/driftsplanlegging
6. Næringsutvikling basert på fiske som utmarksressurs

Søknad om støtte frå fonda skal sendast Årdal kommune, Postboks 40, 6881 Årdalstangen og vert handsama i Årdal formannskap. Budsjett og finansieringsplan for tiltaket skal ligga ved søknaden.

Søknadsfrist: 10. mars

Tinging av settefisk og Tilskot frå Fiskefond II i Lærdal kommune

Midlar frå Fiskefond II kan nyttas til utsetting av **settefisk** og ulike **andre tiltak**.

Søknadsfrist for andre tiltak er **1. april**.

Tinging av settefisk må leverast innan **1.februar**: Lærdal kommune, Postboks 83, 6886 Lærdal på fastsett skjema. Skjema finn du på kommunen si heimeside.

Spørsmål kan rettast til Felles landbrukskontor ÅLA, tlf 57641200

Status "Gardskartprosessen" i Årdal, Lærdal og Aurland

Rettingane i Årdal var innsendt i mai og korrigerede arealtal vart gjort gjeldande for søknadsomgangen no i haust. Nye kart og arealtal er tilgjengeleg på <http://gardskart.skogoglandskap.no>

Lærdal og Aurland skulle vore ferdig 30.9.12, men grunna datatekniske problem med kartprogrammet fekk me utsett innleveringsfrist til 31.12.12.

For desse to kommunane vil nye og korrigerede arealtal vera tilgjengelege på gardskart i løpet av januar.

I Lærdal vart det sendt inn nokon oppdaterte opplysningar i oktober grunna planlagt oppdatering, slik at her er korrigeringar me hadde gjort innan den tid allereie å finna på gardskart på nett.

Det er viktig å merka seg at dette er ein kontinuerleg prosess. Me har gjort vårt beste men det kan vera korrigeringar me ikkje har klart å få med. Finn de feil eller det skjer endringar so må de gje beskjed til oss.

Me vil oppfordra alle grunneigarar til å sjå på dei oppdaterte karta og gjera seg kjent med dei nye arealtala i god tid før søknadsomgangen august 2013.

Solgun Haugen, prosjektleder

Viltforvaltning

Ny viltforvaltar i ÅLA

Felles Landbrukskontor ÅLA har inngått avtale med Aurland Fjellstyre om leige av teneste til viltforvaltning. Kontaktperson i Aurland fjellstyre er Knut Fredrik Øi.

Knut Fredrik har bakgrunn i naturforvaltning frå universitetet på Ås, og allsidig erfaring frå jakt og viltfaglege prosjekt.

Rapportering av fellingsresultat

Kommunen minner om at valdansvarleg skal rapportera fellingsresultatet for elg og hjort på fastsett skjema til kommunen seinast 14 dagar etter jaktslutt. **Frist for innlevering av fellingsresultat for hjort er 4.januar 2013. Me ber om at også sett-hjort-skjema vert levert innan 4.januar 2013.**

Nytt av 2012 er at fellingsresultat og sett-hjort (og sett-elg) kan leverast direkte på nett, via portalen www.settogskutt.no. Denne løysinga krev at kommunen har gjeve valdansvarleg tilgang. For å gjere dette må me ha inn e-posten til alle valdansvarlege. Send ein e-post til knut.fredrik.oei@laerdal.kommune.no med namn på valdansvarleg, den aktuelle e-postadressa og valdnummer. Dei som allereie har fått denne tilgangen treng ikkje levere e-posten.

Kven kan leggja inn data på www.settogskutt.no?

Jaktleder

Alle jaktlag skal ha ein jaktleder. Jaktleder er ansvarleg for registrering av sett elg eller sett hjort-data, men kan godt delegera sjølve jobben til ein annan i jaktlaget. For innlogging krevst jegernummer (frå jegeravgiftskortet) og namn eller ID-nummer på jaktfelt eller vald.

Valdansvarlig

I hjorteviltregisteret kan valdansvarlege handsame sett elg- og sett hjort-data lagt inn via settogskutt.no. Valdansvarleg kan redigere og godkjenne data frå alle sine jaktfelt både under jakta og etter endt jakt. Godkjende data vert løpande gjort tilgjengeleg i rapportane frå hjorteviltregisteret.

Endring av vald og nye vald

Alle endringar som har skjedd i løpet av jaktåret med grenser, eigedomstilhøve og telljande areal av vald skal meldast til kommunen **innan 1. april 2013 av valdansvarleg**. Fristen for søknad om godkjenning av nye vald er **1.mai**. Skjema ligg tilgjengeleg på:

<http://www.dirnat.no/publikasjoner/skjema/>

Hjortevilt får eige nettstad www.hjortevilt.no

Sjå portalen hjortevilt.no for å finne kunnskap om elg, hjort, villrein og rådyr. Her finn du tema knytt til biologi, forvaltning, jakt og nyhende.

Fellingsavgift 2012

Vaksen hjort	355,-
Hjortekalv	215,-
Vaksen elg	473,-
Elgkalv	274,-

Kjøp / sal / byte

Kjøp av viltkjøt

Meld frå til Felles Landbrukskontor ÅLA viss du ynskjer å kjøpa viltkjøt frå påkøyrdte dyr.

Kjøp av fôr eller fôr til sals?

Kontakt landbrukskontoret

Miljøplan trinn 2

I samband med alt fokuset som har vore på miljøplan siste åra ynskjer Felles Landbrukskontor ÅLA at alle som har det leverer inn kopi av "Miljøplan 2". For å vera sikker på at me har den siste versjonen av "Miljøplan 2" ynskjer me å få den sjølv om me kan ha fått den tidlegare. Me oppfordrara alle til å levera innan **25.februar**.

"Prosjekt sau og utmark"

Tilsetting av prosjektleiar er i gang, og prosjektet kjem ikkje skikkeleg i gang før denne personen er på plass. På heimesida vår vert det publisert nyheiter etter kvart, følg med her! Interesse for prosjektet er positiv. Det er mange som ynskjer å vera med. Utvikling av prosjektet kjem me attende til. Dei som er interessert i å veta meir eller ynskjer å delta, kan ta kontakt med landbrukskontoret.

Magnhild Aspevik, Landbrukssjef

Ervervsmessig snøscooterkøyring 2013-2015

Løyve til ervervsmessig snøscooterkøyring er i Forvaltningsutvalet 12.12.12 tildelt;

- Lærdal Røde Kors Hjelpekorps
- Ole Magne Skårheim
- Oddmund Einemo

Jule- og nyårshelga 2012 for tilsette ved Felles landbrukskontor .

(X = kontorstad Lærdal rådhus)

Namn	Kontaktinfo	24.12.12	27.12.12	28.12.12	31.12.12
Magnhild Aspevik, Landbrukssjef	576 41 223/ 911 59 423 maas@laerdal.kommune.no	Fri	X	Fri	X
Gunnstein Husdal, sakshandsamar	576 41 239/ 416 78 095 guhu@laerdal.kommune.no	Fri	Fri	Fri	Fri
Solgun Haugen, sakshandsamar	576 41 238/ 971 57 788 shau@laerdal.kommune.no	Fri	Fri	X	Fri
Ingunn B. Skjerdal, Sakshandsamar	576 41 228/ 474 08 557 Ingunn.skjerdal@laerdal.kommune.no	Fri	Fri	Fri	Fri
Knut Fredrik Øi, viltforvaltar	930 59 637 Knut.Fredrik.Oei@laerdal.kommune.no	Fri	Fri	Fri	Fri

Jula 2012

*Felles Landbrukskontor ÅLA
vil med dette ynskja alle
god jul og godt nyttår*

Helsing

Magnhild

Gunnstein

Ingunn

Solgun

Knut Fredrik

B

Returadresse:
Lærdal kommune
Postboks 83
6886 LÆRDAL

Informasjon på E-post

Alle som me kjenner E-postadressa til får informasjonsskrivet elektronisk. Dei som absolutt vil ha det i posten kan reservera seg og framleis få det i posten.

Hugs å melda frå om endringar i E-postadresse til: shau@laerdal.kommune.no

Infoskrivet er også lagt ut på kommunane sine heimesider under: Landbruk

Aurland kommune si heimeside:

<http://www.aurland.kommune.no>

Lærdal kommune si heimeside:

<http://www.laerdal.kommune.no>

Årdal kommune si heimeside:

<http://www.ardal.kommune.no>

Telefonar/E-postadresser:

Namn	Telefon	Mobiltelefon	E-postadresse
Aurland kommune			
-sentralbord	57 63 29 00		post@aurland.kommune.no
-landbrukskontoret	57 63 29 90		
-telefax	57 63 29 01		
Lærdal kommune			
-sentralbord	57 64 12 00		post@laerdal.kommune.no
-telefax	57 64 12 01		
Årdal kommune			
-sentralbord	57 66 50 00		postmottak@ardal.kommune.no
-telefax	57 66 50 15		
Magnhild Aspevik	57 64 12 23	911 59 423	MAAS@laerdal.kommune.no
Solgun Haugen	57 64 12 38	971 57 788	shau@laerdal.kommune.no
Ingunn B. Skjerdal	57 64 12 28 L 57 63 29 90 A	474 08 557	ingunn.skjerdal@laerdal.kommune.no
Gunnstein Husdal	57 64 12 39	416 78 095	GUHU@laerdal.kommune.no
Knut Fredrik Øi		930 59 637	Knut.Fredrik.Oei@laerdal.kommune.no
Landbrukstenester, Sogn	909 62 157		aud.fossoy@n-lt.no
-telefax	947 61 353		